



Arkivnr: 2015/12714-5

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.01.2017

## Kriteria og innretting for stønadsordningane under budsjettposten Stønad etter vedtak

### Samandrag

I samsvar med Regional kulturplan 2015-2025 sine føringar om gjennomgang og revidering av tilskotsordningar vart det i 2016 lagt fram ny innretning av tilskotsordningane under posten *Stønad etter vedtak*. Posten fekk i budsjettvedtaket for 2017 ei samla budsjetttramme på 3 296 000 kroner som er fordelte på 5 tiltaks- og aktivitetsretta føremål:

- Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell: 950 000 kr
- Kunstprosjekt og kulturtiltak barn og ungdom – profesjonell: 408 000 kr
- Kulturtiltak – amatør: 408 000 kr
- Kulturtiltak barn og ungdom – amatør: 510 000 kr
- Større kulturprosjekt med regional verdi: 1 020 000 kr

Desse midlane vert fordelte gjennom følgjande tre tilskotsordningar for 2017:

1. *Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell*

Til saman 1 358 000 kroner, der minst 408.000 kroner av desse skal gå til tiltak retta mot barn og ungdom.

2. *Prosjekttilskot: Kultur – amatør*

Til saman 918 000 kroner, der minst 510 000 kroner skal gå til tiltak for / med / av barn og ungdom.

3. *Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt*

Til saman 1 020 000.

Etter erfaring med desse ordningane gjennom 2016 ser fylkesrådmannen at det er ønskeleg å foreta nokre justeringar av desse tre søknadsordningane. I hovudsak er det ei strukturell og språkleg klargjering. I denne saka vert det lagt fram forslag til oppdaterte kriteria og innrettingar. Fylkesrådmannen foreslår også å forenkle namna på tilskotsordningane.

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til kriteria og innretting for ordningane under budsjettposten *Stønad etter vedtak* slik dei går fram av saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.01.2017

I fjor vart det for første gang i fylkeskommunen sine søknadsordningar skilt mellom profesjonelle kunst- og kulturuttrykk og amatørkultur. Dette var ei følgje av at eit av dei viktigaste tiltaka i regional kulturplan er forminga av ein politikk for det profesjonelle kunstfeltet.

Dette har vore eit grep som tydeleg har vore betre tilpassa spesielt det profesjonelle kunstlivet. Det har vore ei auke i søknader, spesielt frå det visuelle kunstfeltet.

Det har vore ei overlapping og ei auke i søknadsordninga *Tilskot til Større kulturtiltak med regional verdi*. Ein ser etter dette første året at det må forklarast betre forskjellen mellom denne ordninga og *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell*. Mange av søknadane i *Tilskot til Større kulturtiltak med regional verdi* høyrte etter fylkesrådmannen si meining betre heime i ordningane *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* eller *Kulturtiltak – amatør*. Ein vil i kriteria og innretting av denne ordninga gjere det klårare kva ein har meint med omgrepet større og kva som skil denne ordninga frå dei to andre ordningane innan *Stønad etter vedtak*. Fylkesrådmannen føreslår også at denne ordninga *Prosjekttilskot: Større kulturtiltak* kun skal ha ein søknadsfrist i året, då det må kunne forventast ein lengre planleggingshorisont for større tiltak / prosjekt.

Elles er det i all hovudsak omstrukturering av teksten og språklege klårgjeringar som er forandra frå førre år. Det visast til politisk sak i KIRU 19.01.2016 for retningslinjer i 2016

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=171840&documentId=294236>

og informasjon om ordningane på fylkeskommunen sine nettsider slik dei har lagt føre frå vedtaket i KIRU 2016 og fram til no:

- Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kunstprosjekt-og-kulturtiltak---profesjonell/>
- Kulturtiltak – amatør: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturtiltak---amator/>
- Tilskot til Større kulturtiltak med regional verdi: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-storre-kulturprosjekt-med-regional-verdi/>

## Kriteria og innretting for søknadsordningane under *Stønad etter vedtak*.

### 1. OM DEI TRE ORDNINGANE

HFK har tre nærliggande søknadsordningar for prosjektstøtte innan kulturfeltet, som er tenkt å utfylle kvarandre:

- Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell
- Prosjekttilskot: Kultur – amatør
- Prosjekttilskot: Større kulturtiltak

Dei to første ordningane gjeld for henholdsvis amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturfeltet i Hordaland, og søknadane skal ha eit kulturbasert hovudinnhald.

Når det gjeld ordninga *Prosjekttilskot: Større kulturtiltak* gjeld denne både det profesjonelle og frivillige kulturfeltet, og tiltak som har idrett og friluftsliv som hovudføremål. Med større meinast at det skal ha ei viss fagleg tyngd og storleik. Det skal vere særskilde tiltak med klåre prosjektankar som skil seg tydeleg frå dagleg drift. Det skal vere tydelege føregangsprosjekt med klår verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket.

Dei to første ordningane skal ha søknadsfrist 2 gonger i året, medan *Prosjekttilskot: Større kulturtiltak* skal ha søknadsfrist og handsamast 1 gong i året.

### 2. FØREMÅL

**Føremål spesifisert for den enkelte av desse tre søknadsordningane:**

#### a. *Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell:*

Ordninga skal stimulere til produksjon og visning av profesjonell kunst og kultur, og sikre innbyggjarar i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv

som fremjar skapande og frie kunstuttrykk. Barn og ungdom har spesiell merksemd, og ein ønskjer å stimulere spesielt til at unge sjølv er aktive deltakarar i prosjektet.

Tilskotsordninga skal styrkje gjennomføringa av eit regionalt kunstløft slik det er skissert i regional kulturplan, og vere innretta for å svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunstliv i Hordaland. Ordninga skal også omfatte kulturminneprosjekt og tiltak i regi av profesjonelle aktørar, td museum.

**b. Prosjekttilskot: Kultur – amatør:**

Løyvingane frå ordninga skal stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv, jf regional kulturplan. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv, og det skal stimulerast til nettverk og samarbeid. Barn og ungdom har spesiell merksemd, og ein ønskjer å stimulere spesielt til at unge sjølv er aktive deltakarar i prosjektet.

**c. Prosjekttilskot: Større kulturtiltak:**

Tilskotsordninga skal vere eit reiskap for å oppnå visjonen for kulturutviklinga i Hordaland, slik den er framlagt i Regional kulturplan 2015–2025: Hordaland skal vere ein leiande kulturregion. Visjonen gjev uttrykk for ambisjonen om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdiar. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå, og denne ordninga skal kunne gjere mogleg realisering av utvalde, særskilde prosjekt som kan vere føregangsprosjekt med klår verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket.

Alle dei tre stønadsordningane skal elles ta omsyn til følgjande vedtekne kulturpolitiske mål og søkje å oppfylle desse:

- Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
- Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.
- Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande.

**3. KVEN KAN SØKJE**

- a. Organisasjonar, foreiningar og lag må ha organisasjonsnummer for å søkje. Privatpersonar kan søkje tilskot eventuelt på vegner av ei gruppe. Då vert det stilt krav om at fødselsnummer vert oppgjeve.
- b. Organisasjonar/institusjonar som tek i mot driftsstøtte frå HFK kan søkje tilskot frå desse ordningane om det gjeld særskilte tiltak, slik som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.
- c. Det kan gis tilskot til samarbeidsprosjekt mellom profesjonelle og amatørar innan alle ordningane.

**4. REGIONAL VERDI**

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi – geografisk og / eller etter funksjon.

I tråd med kulturlova skal kommunane leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod. Kommunane har førstelinansvar i kulturpolitikken, dvs at dei skal sikre eit mangfald av tilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar. Fylkeskommunane skal ikkje overta kommunane sitt lokale ansvar, men ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Omgrepet *regional* viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

- Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn to kommunar.
- Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg): Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

Når det gjeld profesjonelle aktørar og miljø vil det ofte vere naturleg å stille høgare krav til fagleg tyngd og fagleg kvalitet, medan når det gjeld amatørtiltak vert det lagt mest vekt på i kva grad prosjektet skapar aktivitet, kor mange som tek del, og i kva grad tiltaka skapar engasjement.

## 5. VURDERINGSKRITERIA

Støtte gjennom desse ordningane / kulturstøtte er ikkje rettighetsbasert, og der er alltid fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Det er difor - ut frå føremålet med ordninga og føringane i regional kulturplan sett opp følgjande kriteria som søknadane vert målt opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle desse kriteria, men jo sterkare og jo fleire ein oppfyller kriteria, jo meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere forutseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Følgjande kriteria skal ligge til grunn for vurderinga av søknadane:

- a. I kva grad tiltaket oppfyller føremålet i søknadsordninga
- b. I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan
- c. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
- d. I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
- e. I kva grad tiltaket har støtte i heimkommunen
- f. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt.
- g. I kva grad tiltaket er utadretta
- h. I kva grad tiltaket skil seg tydeleg ut frå ordinær, dagleg drift av ein organisasjon.
- i. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
- j. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- k. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.

I tillegg vil geografisk og sjangermessig fordeling bli sett på. Om det gjeld søknad om støtte til rein kunstproduksjon vil det verte oppnemnt rådgjevande kunstfaglege konsulentar innan relevante sjangrar.

Det er mogeleg å søkje midlar til årvisse/jamne tiltak. Det er likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til faste tiltak. Søkjar må vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. Det er stor søknadsmengde i forhold til midlar ein har tilgjengeleg, og såleis kan ein vektlegge faktorane annleis i dei ulike søknadsrundane.

## 6. FESTIVALAR OL

Det arbeidast med nye retningslinjer for fylkeskommunal stønad til festivalar og store kultur- og idrettsarrangement. Dei same vurderingskriteria gjeld sjølvstøtte for festivalane som for andre søkjarar, men det har erfart at det ville vere høveleg med nokre eigne føringar for festivalfeltet. Det er sett at punkt som dette vil vere førande for prioriteringane for støtte til festivalar:

- tilskot til festivalen frå kommune og stat og forankring i heimkommune og –region
- festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og fokus på utvikling av det kunstnarlege uttrykket
- formidlingsevne og publikumsoppslutning

## 7. DET BLIR IKKJE GITT STØTTE TIL FØLGJANDE:

Det er skilt ut nokre konkrete føremål/tiltak det ikkje vert gitt støtte til i desse tre søknadsordningane. Grunnen til dette er fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle, andre tilskotsordningar og kompetanse- og ansvarsfelt både hos fylkeskommunen og andre off. instansar.

- a. Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- b. Ordinær drift av institusjonar, organisasjonar, lag, grupper og tilsvarande.
- c. Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular.
- d. Utgjeving / publisering av skjønnlitteratur, film og musikk. Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.
- e. Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphald ol.

## 8. OM ØKONOMI

- a. - I ordninga Prosjekttilskot: Kultur – amatør skal løyvingane i hovudsak ligge mellom 10 000 og 40 000 kroner.
- I ordninga Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell skal løyvingane i hovudsak

- ligge mellom 10 000 og 50 000 kroner.
- I ordninga Prosjekttilskot: Større kulturtiltak skal løyvingane i hovudsak ligge mellom 50 000 og 200 000 kroner.
- b. Dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssum vert søknaden avslått. Søkjar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.
- c. Hordaland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt. Det er forventa at søkjar budsjetterer med andre kjelder for finansiering.

**9. ANG. OPPFØLGING, RAPPORTERING OG KONTROLL(FØRESETNADER SOM VERT GITT I TILSKOTBREV VED TILDELINGAR)**

- a. Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.
- b. Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- c. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- d. Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggest ved rapport.
- e. Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- f. Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.
- g. For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- h. Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format